

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 23.10.2015  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Linn Jonassen  
**SAKA GJELD:** **Oversikt over høyringar til styremøte 10.11.2015**

**ARKIVSAK:** 2015/1423  
**STYRESAK:** 099/15

**STYREMØTE:** 10.11.2015

### Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
25.06.2015	Høyring – tilråding frå ekspertgruppe om helsetilbodet ved kjønnsdysfori  <i>På oppdrag frå HOD nedsette HDIR i desember 2013 ei ekspertgruppe. Ekspertgruppa avleverte rapport «Rett til rett kjønn – helse til alle kjønn» i april 2015.</i>	Høyringsfrist 15.11.2015	
09.07.2015	Høyring – revisjon av forskningsetikklova  <i>Høyringsnotatet tek særleg opp spørsmål knytt til forskingsinstitusjonar sitt forskningsetiske ansvar.</i>	Høyringsfrist 31.10.2015	
17.08.2015	Høyring – Moglegheitsstudie – vurdering av nasjonale og regionale øvings- og kompetansesentra for auka samvirke blant beredskapsaktørane  <i>Rapporten «Moglegheitsstudien» er utarbeidd av ei tverrsektoriell arbeidsgruppe på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet til DSB.</i>	Høyringsfrist 30.11.2015	
07.09.2015	Høyring – Rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterier og ventelister	Høyringsfrist 07.12.2015	
09.09.2015	Høyring – Sal på internett	Høyringsfrist	

	<i>Høyringsforslaget inneber at avgrensinga i apoteka sin adgang til å sende reseptpliktige legemidlar blir oppheva. Samstundes blir det føreslått endringar i forskrifta for å sikre god pasientinformasjon og sikker sending av legemidlar og i ordninga for refusjon av utgifter til frakt.</i>	16.11.2015	
10.09.2015	Høyring – Krav om politiattestar  <i>Høyringsforslaget gjeld krav om politiattest for personell i den kommunale helse- og omsorgstenesta.</i>	Høyringsfrist 10.12.2015	
10.09.2015	Høyring – utkast til revidert standard for elektronisk kommunikasjon med pleie- og omsorgstenesta  <i>Pleie- og omsorgsmeldingar blir nytta for elektronisk kommunikasjon mellom pleie- og omsorgstenesta i kommunane, fastlegar og helseføretak.</i>	Høyringsfrist 30.10.2015	<b>Program Støtte til Samhandling koordinerer høyringssvar frå føretaka.</b>
14.09.2015	Høyring – endringar i reglane om rett til pleiepengar ved sjuke barn  <i>I høyringsforslaget blir det føreslådd å utvide pleiepengeordninga ved å inkludere grupper som i dag ikkje er omfatta. Departementet føreslår å gjere regelverket enklare og å utvida øvre aldersgrense til 18 år.</i>	Høyringsfrist 15.12.2015	
16.09.2015	Høyring – Celleforskrifta  <i>Høyringsnotatet er utarbeidd av Helsedirektoratet i samarbeid med Helsetilsynet.</i>	Høyringsfrist 18.12.2015	
01.10.2015	Høyring – forslag om ny pliktbestemming i helse- og omsorgstenestelova  <i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring forslag om ny pliktbestemming i helse- og omsorgstenestelova. Pliktbestemminga pålegg kommunen å tilby nødvendig pårørandestøtte til personar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid, og skal utfylle pasient- og brukarrettighetslova.</i>	Høyringsfrist 15.01.2016	
30.09.2015	Høyring – forslag om å overføre finansieringsansvaret for Cotellic (cobimetinib) til dei regionale helseføretaka  <i>Helsedirektoratet føreslår å overføre finansieringsansvaret for Cotellic (cobimetinib) til dei regionale helseføretaka med verknad frå 1. desember 2015.</i>	Høyringsfrist 12.11.2015	
28.09.2015	Høyring – utkast til ny planretteleiar for	Høyringsfrist	

	<p>massevaksinasjon</p> <p><i>Den nye planrettleiaren tek utgangspunkt i planane for massevaksinasjon ved pandemisk influensa i kommunar og helseføretak frå 2008.</i></p>	15.12.2015	
30.09.2015	<p>Høyring – Rapporten Samfunnets kritiske funksjonar</p> <p><i>Rapporten er utarbeidd på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet, som i samsvar med Instruks for departementa sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap, Justis- og beredskapsdepartementet sin samordningsrolle, tilsynsfunksjon og sentral krisehandtering, kgl.res. 15. juni 2012, er tillagt ein generell samordningsrolle for samfunnssikkerheit og beredskap i sivil sektor.</i></p>	Høyringsfrist 23.11.2015	
05.10.2015	<p>Høyring- endring i blodforskrift</p> <p><i>Gjennomføring av direktivet inneber at negativ individuell nukleinsyretest (NATtest) Blir oppstilt som alternativ til midlertidig utelukking av blodgivarar som har opphaldt seg i område med vestnilvirus.</i></p>	Høyringsfrist 17.11.2015	
07.10.2015	<p>Høyring - endring i forskrifter til spesialisthelsetenestelova og folketrygdlova</p> <p><i>Føremålet med endringa er å gje fysioterapeutar, ergoterapeutar og kliniske ernæringsfysiologar høve til å krevja godkjend eigendel for poliklinisk helsehjelp, og å syta for at denne eigendelen går inn i frikortordninga i eigendelstak 1. Framlegget vert gjort med atterhald om Stortinget sitt budsjettvedtak.</i></p>	Høyringsfrist 20.11.2015	
09.10.2015	<p>Høyring - forslag til endringar i lov om psykisk helsevern – kontroll for å hindre innføring av legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, farlege gjenstandar og rømmingshjelpemiddel</p> <p><i>Helse- og omsorgsdepartementet føreslår difor endringar i lov om psykisk helsevern om utvida tilgang til å gjennomføre sikkerheitskontrollar innan psykisk helsevernet.</i></p>	Høyringsfrist 08.01.2015	Høyringsbrev er sendt til HF-a
19.10.2015	<p>Høyring - oppføring av legemidlar på liste over helseføretaksfinansierte legemidlar</p> <p><i>Regjeringa har i forslag til statsbudsjett for 2016 føreslått at finansieringsansvaret for dei nye</i></p>	Høyringsfrist 30.11.2015	

	<i>legatmidlane til behandling av hepatitt C-infeksjon, veksthormon, blodkoagulasjonsfaktorar og immunstimulerande legemidlar og anemimidlar, skal overførast til dei regionale helseføretaka.</i>		
20.10.2015	<p>Høyring - forslag om administrasjonssted i de nye politidistrikta</p> <p><i>I samband med nærpolitireforma er det stadfesta at dei kommunale brannvesen sine brann- og redningssentralar skal samlokalisert med politiet sine operasjonssentralar og at dei nye sentralane skal klargjerast slik at helsevesenet sine AMK sentralar også kan samlokalisert med dei øvrige nødmeldingssentralane.</i></p>	Høyringsfrist 17.11.2015	